

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1 - 2014 i Sunnmøre regionråd IKS

Fredag 17.01.2014 vart det halde møte i representantskapet for Sunnmøre regionråd på Høgskolen i Ålesund.

Til stades:

Frå representantskapet:

Giske kommune: varaordførar Olav Sindre Roald
Haram kommune: varaordførar Svein Harsjøen
Hareid kommune: varaordførar Dag Audun Eliassen
Norddal kommune: varaordførar Per Magnus Berdal
Sandøy kommune: ordførar Hans Endre Sæterøy
Sande kommune: ordførar Dag Vaagen
Stranda kommune: ordførar Jan Ove Tryggestad
Skodje kommune: ordførar Terje Vadset
Stordal kommune: ordførar Charles Tøsse
Sula kommune: varaordførar Trygve Holm
Sykkylven kommune: ordførar Petter Lyshol
Ulstein kommune: ordførar Jan Berset
Vanylven kommune: ordførar Jan Helgøy
Vestnes kommune: varaordførar Martin Kjøpstad
Volda kommune: rådmann Rune Sjurgard (etter fullmakt)
Ørsta kommune: rådmann Wenche Solheim (etter fullmakt)
Ørskog kommune: ordførar Thorbjørn Fylling
Ålesund kommune: varaordførar Geir Stenseth

Forfall:

Herøy kommune: varaordførar Tor Sindre Steinsvik
Volda kommune: ordførar Arild Iversen
Ørsta kommune: ordførar Rune Hovde
Ålesund kommune: ordførar Bjørn Tømmerdal

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Bjørn Sandnes, ordførar i Haram kommune
Geir Ove Vegsund, ordførar i Sula kommune
Anders Riise, ordførar i Hareid kommune
Jarle Bjørn Hanken, rådmann i Ålesund kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Prosjektleiar Anne Mette Liavaag
Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Rådmenn:

Leon Aurdal, Sula kommune
Turid Hanken, Haram kommune
Sindre Røsvik, Giske kommune
Asbjørn Moltudal, Sande kommune

Andre:

Ass. fylkesmann Rigmor Brøste, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Prosjektleiar Anne Venke Myren, Mission Possible
Prosjektleiar Nicolaas Kippenbroeck, Mission Possible

Sak 1/2014 Godkjenning av innkallinga
Innkallinga vart godkjent.

Sak 2/2014 Godkjenning av saklista. Saker til eventuelt
Saklista vart godkjent. Det var ingen saker til eventuelt.

Sak 3/2014 Val av to personar til å underteikne protokollen
Trygve Holm og Jan Berset vart valt til å underteikne protokollen saman med møteleiar.

Sak 4/2014 Sunnmøre i framtida – samfunnsutvikling på Sunnmøre
Ordførar i Sula kommune (og styremedlem i SR) Geir Ove Vegsund innleidde. Han presenterte formålet og det ønska resultatet for prosjektet Sunnmøre i framtida, som resulterte i ein foresight-rapport i 2010.

Vegsund meinte at Sunnmøre har bevega seg i retning av det ønska resultatet i foresight-rapporten, og begrunna dette med gode plasseringar i NHO sitt NM 2013 for kommunar og næringsliv.

Han sa at etablering av eitt felles regionråd er ein styrke for regionen. Vidare trakk han fram Campus Ålesund, Kvivsvegen og at mange kommunar har arbeidd målretta for å utvikle attraktive nærmiljø.

Vegsund peika på kommunereforma og samferdsel som sentrale utfordringar for regionen i nær framtid.

Han sa at det er viktig å ha god framdrift i arbeidet med å følgje opp Sunnmøre i framtida, og at dette arbeidet ikkje berre må resultere i ein ny rapport.

Prosjektleiar Anne Mette Liavaag presenterte prosjektet som skal følgje opp Sunnmøre i framtida – Samfunnsutvikling på Sunnmøre. Ho viste til at styret i SR har prioritert 5 satsingsområder i dette nye prosjektet: 1. Samarbeidsavtalar og finansiering, 2. Kompetansebygging, 3. Kommunereform, 4. Samferdsel og 5. Møteplassar.

Liavaag stilte spørsmål til representantskapet om korleis regionrådet skal arbeide med dei 5 satsingsområda. I det vidare følgjer ei oppsummering av innspela frå representantskapet:

1. Samarbeidsavtalar og finansiering:

Det vart i representantskapsmøtet teke til orde for at det er viktig å drive kunnskapsbasert utvikling, og ha syn for kva som skjer i andre fora og andre næringer i regionen: Korleis skape alliansar med andre partnerar?

Konkret kom det forslag om å knyte til seg destinasjonsselskapet.

2. Kompetansebygging:

Administrasjonen i regionrådet planlegger studietur for ordførarar og rådmenn til Stavangerregionen våren 2014.

3. Kommunereform: Det kom synspunkt frå representantskapet om at ein ikkje kan ta diskusjonen om kommunereform før ein veit meir om oppgåvefordelinga. Regionrådet kan imidlertid ha ein tilretteleggande funksjon i arbeidet med reforma, og vere ein utviklingsarena for kommunane.

Styreleiar Bjørn Sandnes viste til møte om kommunereforma hos Fylkesmannen 3. januar 2014, og til vedtak i styremøte nr. 1 2014 i forhold til det vidare arbeid med kommunereforma i regionrådet. Vedtaket lyd: «*Styret har gjennom sak 3/2014, Samfunnsutvikling på Sunnmøre, beslutta at SR skal ha ei offensiv rolle i den varsle kommunereforma. Styret ber administrasjonen arbeide med ein modell for korleis dette arbeidet kan organiserast. Skisse blir å legge fram til styremøte 28.02 og representantskapsmøte 28.03.2014.*»

Styreleiaren sa at det vert nytt møte om kommunereforma hos Fylkesmannen 2. april 2014.

I representantskapsmøtet kom det forslag om å lage eit felles utfordringsnotat om kommunereforma til medlemskommunane. Notatet skal handsamast i representantskapet.

Vidare kom det fram synspunkt i representantskapsmøtet om at kommunereforma skulle vore ei forvaltningsreform, der kontrollarbeidet vart tona ned og fokuset var meir på utvikling og innovasjon.

Regionrådet vart oppmoda om å uttrykkje kommunane sine forventningar til reforma i det beramma møtet med kommunal- og moderniseringsministaren i Ålesund 28. januar 2014.

Vidare vart det sagt at regionrådet kan ha ei rolle i å vere med å utvikle kvar kommune sin unike posisjon, gjerne i eit samarbeid med fylkeskommunen.

4. Samferdsel: Det kom synspunkt frå representantskapet at ein må få rullert Sunnmørspakken, slik at ein kan framstå samla på Sunnmøre i samferdselsspørsmål.

Usemia mellom medlemskommunane er vesentleg knytt til E39 Fefast versus Hafast, men det er venta at regjeringa vil avklare trasevalet innan kort tid. Det kom synspunkt på at regionråd framover også må ha fokus på kommunar som vert liggjande utanfor ein framtidig E39 trase.

5. Møteplassar:

Arena Sunnmøre er tenkt å vere ein felles årleg møteplass for formannskapa i medlemskommunane. På denne arenaen kan ein drøfte tema (til dømes samferdsel) med tanke på å kome fram til samråystes vedtak. Det kom synspunkt frå representantskapet om at det er viktig for regionrådet sin legitimitet at arena Sunnmøre vert arrangert snarleg.

Sunnmørskonferansen var ein årleg konferanse i tida ein arbeidde med Sunnmøre i framtida. Det kom synspunkt på at ein eventuell Sunnmørskonferanse i 2014 må vere av god veldig kvalitet for å møte konkurransen med andre konferansar i regionen. Vidare vart det sagt at næringslivet må tungt med i ein slik konferanse. Eit forslag til tema var samferdsel: «Kva no – når E 39 er løyst».

Det kom forslag om å bruke representantskapsmøta til workshops. Regionrådet kan vere prosessleiar, og sørge for at regionen politisk er «på» når noko skjer.

Det vart sagt i representantskapsmøtet at vi må ha gode prosesser og framdrift slik at ein ikkje rykkjer tilbake til start. Tema som vert teke opp bør prioriterast slik at kommunane handsamar dei i takt med handsaming i regionrådet.

Samråystes vedtak: Representantskapet ber styret og administrasjonen om å arbeide vidare med forslag til prosjektorganisering/handlingsplan og budsjett med sikte på ytterlegare spissing og konkretisering av tiltak og vidare klargjering av mogleg finansiering. Eit bearbeida forslag med tilrådingar frå styret skal leggast fram på neste møte i representantskapet.

Sak 5/2014

Budsjett 2014

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal orienterte om styret sitt framlegg til budsjett for 2014. Budsjettframlegg og styrevedtak var sendt ut til møtet.

Driftsinntekter og driftsutgifter er kr. 6.509.000,-. Driftsinntektene består av innbetalt medlemskontigent frå medlemskommunane, renter på bankinnskot, bruk av fond, salg av tenester (innan energiøkonomisering) og innbetalingar frå kommunane til prosjekt.

Driftsutgiftene består i hovudsak av løn og sosiale utgifter (kr. 4.325.000,-). Andre større utgiftspostar er leige av lokaler, konsulenthonorar, møter og kurs, samt reiser.

Budsjettet legg opp til at selskapet i 2014 har fem tilsette. Av desse er to faste (dagleg leiar og rådgivar) og tre prosjektstillingar: prosjektleiar skole- og barnehageutvikling, prosjektleiar energiøkonomisering og prosjektleiar samfunnsutvikling.

Det vert lagt opp til at stillinga som prosjektleiar samfunnsutvikling vil få ansvar for oppfølging av prosjektet Sunnmøre i framtida.

Vedtak: Representantskapet vedtek framlegget til budsjett for 2014 slik det ligg føre.

Sak 6/2014 Val av styremedlem

Leiar for valnemnda Knut Støbakke innleidde.

Ny rådmann i Ålesund kommune, Jarle Bjørn Hanken, tok over som styremedlem i Sunnmøre regionråd etter forrige rådmann i Ålesund kommune, Olaug Flø Brekke. Selskapet oppfyller etter dette ikkje lenger krava til representasjon av begge kjønn i styret. Ein ber likevel representantskapet godkjenne Hanken som nytt styremedlem fordi heile styret skal veljast på nyt til sommaren.

Vedtak: Jarle Bjørn Hanken vert valt til nytt styremedlem i Sunnmøre regionråd fram til val av nytt styre på årsmøtet i representantskapet 6. juni 2014.

Sak 7/2014 Fylkesmannen sin halvtide

Assisterande fylkesmann Rigmor Brøste orienterte om ulike tema:

1. Kommunereforma. Målet med kommunerefoma er eit sterkt lokaldemokrati.

Reforma skal legge til rette for at alle kommunar skal kunne løyse dei lovpålagte oppgåvene sjølv. Brøste sa at interkommunale samarbeid er kommunane sitt svar på at dei ikkje greier dette i dag. Antal samarbeidsorningar i Møre og Romsdal er 255.

Regjeringa har nedsett eit ekspertutval for kommunereforma.

Kommuneproposisjon kjem i mai, og vil seie noko om korleis prosessen vert lagt opp. Fylkesmannen har kalla inn til tenketank med regionråda om kommunereforma. Første møte var 3. januar 2014. Tema i tanken var mellom anna korleis skape meir robuste kommunar og korleis få til ein god prosess.

Regjeringa har gjennom mandatet til ekspertutvalet sagt at interkommunalt samarbeid ikkje er eit alternativ til større og meir robuste kommunar. Delrapport frå ekspertutvalet kjem 24. mars 2014, dvs. fire dagar før det neste møte i representantskapet i SR.

I delrapporten tek utvalet utgangspunkt i oppgåvene som kommunane gjer i dag, og kriterier som kommunane bør oppfylle for å ivareta desse.

Det vart frå representantskapet vist til at ein må vurdere fylkeskommunen si rolle når ein snakkar om kva robuste kommunar skal vere.

2. Kommunebesøk. Fylkesmannen besøkte 6 kommunar i 2013, og besøker 20 kommunar i 2014. Fylkesmannen lagar «kommunebilder» til kvar kommune, der ein mellom anna formidlar kunnskap og forventningar frå statleg hald.

3. Barn og unge. 5.-6 februar 2014 er det konferanse for dei som har ansvar planlegging for barn og unge i kommunane.

4. Skjønnsmidlar, Områder for søknadar om prosjektskjønn er mellom anna betre oppvekst, spesialundervisning og læringsmiljø, samfunnstryggleik, velferdsteknologi og kommunereform. Søknadsfristen er 21. mars. Brøste sa at søknadar bør gå om regionråda slik at ein sikrar læring ved deling av kunnskap.
5. Kongeparet sitt fylkesbesøk til Møre og Romsdal. Kongeparet besøker Nordmøre 21. – 22. mai 2014.
6. Afternoon tea på slottet – for lokale ildsjeler. Brøste utfordra ordførarane til å løfte fram ildsjeler som får komme på slottet.
7. Rådmannsdag 7. mars 2014. Opplærings- og informasjonsdag hos Fylkesmannen. 2 rådmannsdagar i året med maks 3 rådmenn (med kommunalsjefar/ass. rådmenn).
8. Grunnlovsjubileet: www.grunnloven200.no. Eit grunnlovsjubileum for framtida. Det offisielle programmet skal bidra til auka kunnskap om Grunnlova, særleg blant barn og unge.

Sak 8/2014

Mission Possible

Prosjektleiarane Anne Venke Myren og Nicolaas Kippenbroeck orienterte om prosjektet.

Anne Venke Myren viste til at Mission Possible er eit er ei satsing 2013 -2015 og eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane, politiet, helseføretaket og Buf- etat. Ho presenterte dei felles samlingane og prosjekta som har vore gjennomført i 2013. Det deltok i 2013 til saman ca 1400 personar i prosjektet.

Myren presenterte vidare prosjektet si organisering. Den valte forma er nettverksorganisering; ein leiar det i lag utan bruk av posisjonsmakt.

Myren presenterte aktivitetane våren 2014. Det er lagt opp til 2 felles samlingar og fleire fagdagar.

Vidare gjekk Kippenbroeck gjennom økonomien i prosjektet. Pr. i dag er det berre økonomi i prosjektet til drift fram til sommaren 2014. Vidare finansiering er ei stor utfordring. Prosjektet har fått avslag frå 6 departement på søknadar om finansiering. Myren og Kippenbroeck ba regionrådet om politisk støtte til å sikre vidare finansiering av prosjektet. Dei viste til at å ta vare på dei som veks opp vil vere viktig for Sunnmøre i framtida.

Frå representantskapet vart det er sagt at det å ha ein felles møtearena vidare, samt å leggje til rette for kompetanseutvikling, vert viktige områder etter at prosjektet er avslutta.

Ålesund 17.01.2014

.....
Dag Vaagen
Dag Vaagen

.....
Trygve Holm
Trygve Holm

.....
Jan Berset
Jan Berset